

Kulturminne og kulturmiljø i Helin plantepark, Vang kommune

Kartlegging av automatisk freda og nyare tids kulturminne



Oppdragsgjevar:

Statsforvaltaren i Innlandet

Formålet med rapporten:

Kartlegge kulturhistoriske verdier i samband med utarbeiding av forskrift for verneområdet Helin plantepark

Rapport utført av:

Valdresmusea AS v/Nina Espeseth Grønbrekk

Rapport levert:

9. mars 2026

Innhald


Bakgrunn og formål med rapporten	3
Metodar og framgangsmåte	4
Tidlegare registreringar og vurderingar	5
Kulturminneplan for Vang kommune	5
Førreformatoriske kulturminne: LIDAR-skanning og lausfunn	6
SEFRAK	6
Vurdering av nyare tids kulturmiljø	6
Om området Helin plantepark.....	7
Høgfjell og stølsmiljø mellom Helin og Nørdre Syndin	7
Ressursrikt område	8
Automatisk freda kulturminne.....	9
Fangstanlegg – ID297203	10
Kulturminne knytt til jernutvinning	11
Kolgrop ved Skjelhaughøvda – ID314950	11
Kolgrop ved Høljesyndin – ID334680	11
Jernvinneanlegg på Tangane – ID330077	12
Lausfunn: Vikingøks.....	13
Tradisjonslokalitet på Helestrønd - ID84541	13
Automatisk freda kulturminne – oppsummering	14
Nyare tids kulturminne og kulturmiljø	15
Sentrale kulturminnetypar og særtrekk i landskapet.....	16
Kulturmiljø Vassendin – Kringletjernet – Høljesyndin	17
Kulturmiljø Helestrønd.....	25
Kulturmiljø Tangane.....	28
Kulturmiljø Bøastølen – Syndin	33
Landskapet mot Nørdre Syndin: Hellvike, Gamlestølsvike m.m.	35
Landskapet rundt Høljesyndin	35
Nyare tids kulturminne – oppsummering.....	36
Spesielle kulturhistoriske verdiar – forslag til omsyn i verneforskrifta	36
Generelle omsyn til kulturmiljø i Helin plantepark	37
Omsyn til fangstanlegget som enkeltlokalitet	38

Omsyn i definerte kulturmiljø	38
Kulturmiljø Vassendin – Kringletjernet – Høljesyndin	38
Kulturmiljø Helestrønd	38
Kulturmiljø Tangane	38
Kulturmiljø Bøastølen – Syndin	38
Skjøtsel, vedlikehald og formidling – kva trengs for å bevare kvalitetane?	38
Bruk av utmarksressursar	38
Rydding av vegetasjon	39
Hindre forfall av bygningsmasse	39
Formidling av kulturmiljøverdiane	39
Moglege framtidige undersøkingar	40
Litteratur	41
Andre kjelder	41
Vedlegg	42

Bakgrunn og formål med rapporten

I samanheng med at Statsforvaltaren i Innlandet skal utarbeide verneforskrift for Helin plantepark, har Valdresmusea fått i oppdrag å laga ein rapport om kulturminne og kulturmiljø. Rapporten skal vera ei samanstilling av informasjon om:

- Områdets kulturhistoriske bruk, knytt til kulturminna
- Kart over kulturminne og kulturmiljø innanfor utgreiingsområdet
- Vurdering av om det er kulturminne eller kulturmiljø som bør bli framheva og/eller takast omsyn til i ein komande verneforskrift (vern som landskapsvernområde, naturreservat og/eller biotopvernområde)
- Vurdering av om nokon av kulturminna kan ha behov for skjøtsel og vedlikehald i framtida.



Figur 1. Det gulskraverte området viser Helin plantepark. I aust grensar verneområdet til Vestre Slidre kommune. Det raudskraverte området er Smådaladn naturreservat.

Metodar og framgangsmåte

I arbeidet med rapporten har vi samla eksisterande registreringar og kartdata, i tillegg til å gjennomføre egne synfaringar og gjere vurderingar av kulturmiljøa. Det er ikkje gjennomført systematisk kartlegging og vurdering av kulturmiljø og kulturminne i området tidlegare, heller ikkje av arkeologiske (automatisk freda) kulturminne. Rapporten tar utgangspunkt i kjent kunnskap, supplerer med enkelte nye funn og vurderingar, og set kunnskapen inn i ein kulturmiljøfagleg kontekst.

Når det gjeld automatisk freda kulturminne har vi hatt tett dialog med ansvarleg arkeolog i Innlandet fylkeskommune, Øystein Rønning Andersen, som brukte to dagar i felt i Helin plantepark hausten 2025. Oversikta og omtalene av automatisk freda kulturminne bygger på fylkeskommunen sin rapport etter synfaringane samt kulturminneregistrering ved Helge Stumpf Titland frå 2022 (begge vedlagt).

For å kunne beskrive den lokale kulturhistoria i området har vi gått gjennom bygdebøker og annan lokal litteratur, og hatt samtalar med utvalde ressurspersonar med kunnskap

om området. Vi har ikkje prioritert systematisk kontakt med grunneigarar, då kommunen har hatt ansvar for å kartlegge brukarinteresser. Kommunen har vi hatt jamleg dialog med i arbeidet.


Tidlegare registreringar og vurderingar

Utgangspunktet for rapporten er kulturminne som alt er registrert, eller miljø og landskap som det er gjort vurderingar av i ulike samanhengar.

Kulturminneplan for Vang kommune

Området rundt Helin er valt ut som eit verdifullt stølsområde i Vang kommune sin kulturminneplan, som vart vedteke i 2018. Området er i planen valt ut som ein representant for stølskultur i kommunen, blant fleire særprega stølsmiljø.

Grunngjevinga er at «Helin-området skil seg ut med særleg intakt bygnadsmasse og rikt kulturlandskap»¹, og at det har mange spor etter lang tids bruk. I tillegg ligg området som ei forlenging mot vest av Stølsvidda i Nord-Aurdal og Vestre Slidre, som er definert som eit kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse (KULA) av Riksantikvaren og eit Utvalt kulturlandskap i jordbruket (UKL). Heile området rundt innsjøen Helin er i kulturminneplanen løfta fram som eit samanhengande område. Helin plantepark er avgrensa til nordaust-sida av Helin.



Figur 2. Det gulskraverte området er eit tidlegare beiteområde som vart registrert av stølsbrukarane sjølve i samband med ei kartlegging i 2007-2010. Dei raude linjene er beitereksler (stigars). Området ligg innanfor grensa for Helin plantepark mot nord/nordvest, og går heilt opp til vatnet Høljesyndin. Stølslaget Vassendin ligg i området lengst ned mot Helin. Utsnitt av kart henta frå Temaplan for kulturminne i Vang kommune (2018).

Det vart gjennomført ei stølskartlegging i perioden 2007-2010, i regi av Vang kommune og Valdres natur- og kulturpark, i samarbeid med stølsbrukarar. Her er det registrert eit

¹ Temaplan for kulturminne i Vang 2018: 107

tidlegare beiteområde innanfor Helin plantepark, der beitereksler (-stigar) også er teikna inn.

Førreformatoriske kulturminne: LIDAR-skanning og lausfunn

Av automatisk freda kulturminne var det frå før registrert eit fangstanlegg, eit mogleg jernvinneanlegg og eit slagggfunn innanfor grensene for Helin plantepark. I 1924 vart det funne ei vikingøks her, som er ein del av samlingane til Kulturhistorisk museum. På bakgrunn av skriftlege kjelder er det også registrert ei mogleg kyrkjetomt, utan at det er påvist fysiske spor. Dei automatisk freda kulturminna som var registrert frå tidlegare har vore utgangspunktet for kartlegginga av denne kategorien kulturminne.

Gjennom metoden LIDAR – laserskanning av markoverflata – er det mogleg å identifisere kulturminne som er synlege i terrenget. Ved hjelp av LIDAR-skanning er det avdekka mengder med moglege kulturminne mellom anna i Valdres, som for eksempel kolgroper og fangstgroper. I 2023 gjennomførte Innlandet fylkeskommune ein større gjennomgang av LIDAR-data for Valdres-kommunane, for å kartlegge uregistrerte kulturminne i utmark. Berre eit fåtal utvalde kulturminne er kontrollregistrert i felt. Tolking av LIDAR-data var bakgrunnen for registreringa av eit mogleg jernvinneanlegg ved Skjelhaughøvda, og for at fylkeskommunen no har undersøkt enkelte LIDAR-funn ute i terrenget.² Vedlagte rapport frå fylkeskommunen gjer detaljert greie for metodane som er brukt i felt.

Tidlegare i 2025 vart det registrert eit funn av ein slagggklump ved Tangane, rapportert inn til fylkeskommunen av ein privatperson. Arkeologen undersøkte derfor funnstaden, og avdekka eit jernvinneanlegg.

SEFRAK

I vurdering av nyare tids kulturminne ga SEFRAK-registreringane ein peikepinn på kvar vi fann den eldste bebyggelsen. SEFRAK-registeret (Sekretariatet for registrering av faste kulturminner) er landsdekkande, og vart utarbeidd i perioden 1975-1995. Det gir kunnskap om bygningar og andre faste kulturminne frå før år 1900. For dei aktuelle områda i denne undersøkinga vart registreringane gjort i 1986 og 1989. Det er berre på dei originale registreringsarkane ein finn fotografi og eventuelle utfyllande opplysningar om objekta, så det var nyttig å ha tilgang til originalane i arkivet på Valdres folkemuseum/Valdresmusea. For ein del av bygningane som er SEFRAK-registrert ga skjemaet nyttig informasjon til dømes om oppføringstidspunkt.

Vurdering av nyare tids kulturmiljø

Når det gjeld stølsmiljøa langs Helin har vi vurdert kulturmiljøverdiane uavhengig av SEFRAK, då stølsbygningar og andre kulturminne frå langt utover på 1900-talet kan vera verdifulle, og viktige delar av kulturmiljøet. Vi har tatt utgangspunkt i kvalitetane i

² Befaringsrapport Innlandet fylkeskommune datert 19. januar 2026

kulturmiljøa og landskapa slik det framstår i dag. Delar av planteparken er vurdert som eit viktig stølslandskap i kommunen sin kulturminneplan, og på den måten definert som eit særprega landskap knytt til stølsdrift, beite og utmarksressursar. I vurderingane av kulturmiljøet har vi hatt fokus på kva som i dag bygger opp under dette særpreget.

Dei mindre tilgjengelege områda av planteparken har vi ikkje hatt anledning til, ut frå ressursane og tida vi har hatt til rådighet, å undersøke detaljert ute i felt. Vi har heller ikkje opplysningar om konkrete kulturminne i denne delen av området. Områda utanfor stølsmiljøa har vi derfor vurdert ut frå kart og eldre flyfoto, samt enkelte opplysningar frå lokalkjente og grunneigarar.

Rapporten er ikkje ei fullstendig kartlegging av bygningar og andre kulturminne. Miljøet på Vassendin og ein del av Tangane er noko meir detaljert kartlagt enn dei andre områda, då kulturmiljøa her framstår som dei mest særprega stølsmiljøa, med høgast verdi som kulturmiljø. Dei konkrete kulturminna som er omtala og visualisert med foto, er tatt med fordi dei bidrar med kvalitetar og særpreg i miljøet og er vurdert som kulturhistorisk verdifulle. Vi har ikkje bilde eller omtalar av alle bygningar.

Om området Helin plantepark

Høgfjell og stølsmiljø mellom Helin og Nørdre Syndin

Helin plantepark strekk seg langs nærmast heile den nord-austre bredda av innsjøen Helin, omfattar vatnet Høljesyndin og ein del av Gilafjellet, og blir avgrensa mot aust av innsjøen Nørdre Syndin. Toppunktet på Gilafjellet ligg på 1582 moh. Fjellryggen ligg godt over tregrensa, og er karakterisert av mykje steinur og opne flyer. Fjellsidene er mange stader veldig bratte og prega av rasmark.

Stølsområdet på austsida av Helin ligg i det øvre bjørkeskogbeltet på 800-900 meter over havet. På strekningen langs vatnet, på om lag 10 kilometer, er det tre stølsgrender der det også er noko spreidd hyttebusetnad. Lengst nord ligg stølane på Vassendin, lengst sør Tangane, mens Helestrønd ligg midt mellom. Store delar av området er utan busetnad, og i dag dominert av lauvskog i hellingane ned mot fjorden.

På Syndin-sida er det i dag få ståande bygningar, med unntak av på Bøastølen heilt aust i området, nær grensa til Vestre Slidre, og eit par hytteeigedomar. Stadnamn som Gamlestølsvike og Høvdestølen, i hellingane mot Nørdre Syndin, vitnar om fleire tidlegare stølar også her. Rundt vatnet Høljesyndin er det enkelte naust og fiskebuer.

I dag er området eit mykje brukt turterreng, mellom anna merka stig frå Vassendin til Gilafjellet. Stigen er ein av mange gamle stølsstigar og ferdselsårer mellom Helin og Syndin.

Ressursrikt område

Området rundt Helin blir av mange omtala som eit spesielt frodig område, og ein stad der både kyr og menneske har trivst, gjennom hundreåra med stølsverksemd her. I boka *Gamalt fraa Vang* (1943), beskriv Bøie Kattevold (1849-1936) korleis han meiner at Helin står i ei særstilling blant stølsområda i kommunen:

Ingjen taa vaare fjelldala laag so lagle terettis for stølsbruk som Helin, ingjen hadde slike herledoma syne fram som han. Her va lett tilkomst vét og summer, sværa bjørkelia, framifraa beite og rikt fiske. Ikkje undrast paa at heimen der vart tile kjent, tile nytta.

(Kattevold 1943:49)

Helin er eit fjellområde med kort avstand til bygda, under tregrensa, noko som ga forholdsvis lett tilgang til ressursane i utmarka. At det var eit paradisi for dyra var Bøie Kattevold viss på: «Det var rørande sjaa kost klydn tøyge se, ner dei røkk i Helin, kost dei godna se, ner dei kom på stølen» (Kattevold 1943:68).

I den same boka er det vist til at stølane på nordaustsida av Helin er nevnt i skriftlege kjelder i 1667. Det er usikkert kor langt tilbake det har vore stølsdrift ved Helin. Men i fleire kjelder blir det omtala som eit frodig fjellområde, og iføljje ei segn skal det ha vore bufaste bønder ved Helestrønd før svartedauden. Det skal også ha vore ei kyrkje her, iføljje segna, noko soknepresten Hermann Ruge omtala i 1743 og 1750. Ruge viste til ein stad på Helestrønd som vart kalla «Kirketomten», «Kirketofterne» eller «Kjerke Sætterne», og meinte at det hadde vore tolv bufaste bønder her. Svartedauden utrydda grenda, og snøskred tok kyrkja, skreiv Ruge (Jahnsen 1983:91). Historikaren Jahn Børe Jahnsen meiner at den mest sannsynlege forklaringa er at staden hadde fått namna som støl for prestegarden i Vang (ibid.). Førstillinga om bufaste bønder ved Helin seier likevel noko om at folk har vurdert det som sannsynleg at det var mogleg å leva ved Helin også vinterstid. Vi kan heller ikkje utelukke at det var tilfelle.

Dei siste 100 åra har reinen frå Filefjell tamreinlag utnytta beitet i området på føresommaren og hausten.

Det er gardane i søre delen av Vang sentrum som har stølar på austsida av Helin. Ved å lesa bygdeboka får vi innblikk i kor viktig – og strengt regulert – ressursane her var gjennom 1700-, 1800- og 1900-talet. Mellom anna var skogen svært viktig. 30 gardar hadde skogteigar rundt innsjøen (Thune 2014:9). Kulturminneplanen løfter også fram fangst, fiske, jernutvinning, sanking og småskalaturisme som praksisar som har forma kulturlandskapet rundt Helin³.

Høgfjellet mellom dei to innsjøane Helin og Nørdre Syndin har også vore eit ressursrikt område, mellom anna som jaktterreng. Flyfoto frå 1947 viser eit omfattande nett av ferdselsveggar over fjellet – her har fiske-, jakt- og beiteressursane vore godt utnytta.

³ *Temaplan for kulturminne i Vang* 2018: 107

Fjellvatnet Høljesyndin går for å vera eit godt fiskevatn også i dag. Fisket, både i Helin og i dei mindre vatna Høljesyndin og Kringletjern, har vore sentrale delar av ressursgrunnlaget innanfor grensene til Helin plantepark.



Figur 3. Bildetekst frå arkeologirapporten: «Gilafjellet sett fra området nord for Nøsakampen (1449 moh) og nordover. Toppryggen ble befart fram til fotenden av den nærmeste fortoppen (varde kan vagt skimtes i silhuett på toppen). Kruk med fangstanlegg ID297203 ligger på det utstikkende fjellpartiet bakerst i bildet.» Foto: IFK/Øystein R. Andersen

Automatisk freda kulturminne

Kulturminne frå år 1537 eller eldre er automatisk freda gjennom § 4 i kulturminnelova. Ståande byggverk frå før 1650 er også automatisk freda, etter same paragraf. Slike kulturminne er det fylkeskommunen som har forvaltningsansvaret for. Ved planlagde tiltak vurderer fylkeskommunen potensialet for funn, og ansvarlege arkeologar reiser ut på feltarbeid for å registrere eventuelle kulturminne.


Arbeidet med forskrifta for Helin plantepark utløyser ikkje ei slik plikt til å registrere heile området, men fylkeskommunen har likevel brukt ressursar på å bidra til å belyse automatisk freda kulturminne utover det som var registrert tidlegare. Arkeolog Øystein Rønning Andersen kontrollregistrerte kjente og moglege kulturminne, i tillegg til at han undersøkte eit mindre nærområde rundt kulturminna. Omtalene under omfattar dei kulturminna som er registrert innanfor området for Helin plantepark, og som har vorte registrert eller kontrollregistrert av arkeolog frå Innlandet fylkeskommune hausten 2025. Som Andersen poengterer i rapporten datert 19.1.2026, må det takast høgde for at det ligg uregistrerte kulturminne innanfor grensene til planteparken.

Utvidar vi perspektivet noko, ser vi at det er registrert langt fleire automatisk freda kulturminne nord for Helin enn innanfor grensene for planteparken. Det er i all hovudsak snakk om kolgroper og jernvinneanlegg som er registrert på grunnlag av LIDAR-data, heller ikkje kontrollregistrert i felt, men som fortel oss om stor

jernframstillingsaktivitet i området. I vår kartlegging held vi oss til arealet innanfor planteparken.

Fangstanlegg – ID297203

Ved Kruk på Gilafjellet ligg det eit fangstanlegg med to mura fangstgraver i eit ca. 75 meter langt, oppmura ledegjerde. Til anlegget ligg det også 15 bogestillingar. Anlegget er omtala av Knut Hermundstad i bygdeboka frå 1964 (Hermundstad 1964:20-24), men vart fyrst detaljregistrert av Helge Stumpf Titland i 2022.



Figur 4. Fangstanlegget ligg på bergryggen nordaust for Helestrønd.

Ifølge Hermundstad var det bogestillingane (bøgahia) på Kruk som var malen for seks bogestillingar som er sett opp på Valdres folkemuseum. Hermundstad skriv om villreinfangsten ved Helin:

Det var serleg til tre tider veidarane på Kruk fanga villrein, om våren når villreinen trekte ned i Svørsbøtt'n etter gras og groe, om hausten når han kom ned i Svørsbøtt'n og Helestrøndliene etter sopp, og når han i sønnaver hadde sett sør i Tangefjelle. Når veidarane merka at villreinen heldt seg på ein av desse stadene, la veidarane seg til i bøgahii. Så sende dei folk til å skræme reinen. Han la på sprang mot Kruk. Her vart han møtt med piler og truleg kastespjot frå bøgahii.

(Hermundstad 1964:23-24)

Det finns opplysningar frå lokalkjente om at det kan vera fleire fangstgraver langs toppryggen på Gilafjellet. Derfor undersøkte Andersen den sørlege delen av Gilafjellet, men utan at det vart gjort funn av fleire fangstgraver.



Figur 5. Bildet henta frå kulturminneregistrering gjort av Helge Stumpf Titland viser to av dei større bogestillingane, sett mot sørvest med Kruk i bakgrunnen. Foto: Helge Stumpf Titland.

Kulturminne knytt til jernutvinning

Innanfor grensene til Helin plantepark er det etter synfaringane ved Innlandet fylkeskommune registrert tre kulturminne knytt til jernutvinning. I rapporten frå fylkeskommunen er det meir detaljerte opplysingar om funna og om jernutvinning i jernalderen og mellomalderen.


Kolgrop ved Skjelhaughøvda – ID314950

Ved Skjelhaughøvda var det registrert eit mogleg jernvinneanlegg gjennom LIDAR-prosjektet, på bakgrunn av det som framsto som fleire groper samla innanfor eit avgrensa område. Synfaringa ved Skjelhaughøvda avdekka at det berre var snakk om éi kolgrop, blant fleire groper som viste seg å vera naturformasjonar. Ei av gropene er tolka som ei mogleg sidegrop, men med uviss funksjon. I kolgropa vart det påvist kol ved bruk av jordbor. Det vart ikkje påvist slagge eller malm i området rundt. Derfor vart den opphavelige LIDAR-registreringa gjort om frå jernvinneanlegg til enkeltliggende kolgrop.

I arkeologirapporten er det antyda at gropa er frå yngre jernalder, på bakgrunn av at kolgropene i den perioden i mindre grad låg tett på produksjonsstadene for jernet.

Kolgrop ved Høljesyndin – ID334680


Kolgropa ved Høljesyndin var ikkje tidlegare fanga opp av fylkeskommunen sitt LIDAR-prosjekt, men er no identifisert i samband med kartleggingsarbeidet i Helin plantepark. Kolgropa er ganske stor, med ein markant voll rundt heile. Trekol er påvist med jordbor i gropa. Undersøkingar i det nærmaste området rundt gropa viste ikkje teikn til slagge eller malm. Men arkeologen fann eit djupt, kvadratisk hull i bakken rett aust for kolgropa, på ei lita flate, tolka som eit mogleg stolpefeste til dømes til ein enkel gapahuk som ly for dei som arbeida med kolbrenninga.



Figur 6. Kartutsnittet viser dei to enkeltliggande kolgropene som er registrert i planteparken, ved Skjelhaughøvda og vest for Højesyndin.

Jernvinneanlegg på Tangane – ID330077

Utgangspunktet for funnet på Tangane var ein slagglump som vart meldt inn til fylkeskommunen våren 2025. Slagglumpen vart funne på tørrfallet av Helin, på eit tidspunkt med låg vasstand. Slagget viste seg å vera ein del av eit jernvinneanlegg som framleis er bevart inne på land, med ein tydeleg haug av slag og trekolholdige masser. Arkeolog Øystein Rønning Andersen anslår at det har vore produksjon her tilbake i eldre jernalder.



Figur 7. Jernvinneanlegget på Tangane ligg i vasskanten heilt sør i planteparken.



Figur 8. Bildetekst henta frå rapporten: «Slagghaug på jernvinneanlegg ID330077 sett mot N/NV. Til venstre bak bildet skimtes Helin gjennom den relativt tette vegetasjonen. Ytterkant av slagghaug er forsøksvis avgrenset med rød strek.» Foto: IFK/Øystein R. Andersen.

Lausfunn: Vikingøks

Det er gjort fleire lausfunn knytt til eigedomane rundt Helin, men ifølje rapporten om automatisk freda kulturminne er dei fleste sannsynlegvis gjort nede i bygda. Unntaket er ei øks av jern frå vikingtida, som vart funne på Vassendin i samband med pløying av eit stølsjorde i 1924. Øksa høyrer til Kulturhistorisk museum, og er registrert i gjenstandsdatatabasen Unimus med nummer C23542.⁴



Figur 9. Øksa frå vikingtida som vart funnen på Vassendin i 1924 er ein del av samlingane ved Kulturhistorisk museum i Oslo, og kan søkast opp i databasen Unimus med nr. C23542.


Øksa er ei stridsøks, datert til slutten av 800- eller starten av 900-talet av Bjørn Hougen i 1958 (Hougen 1958:171). Standardverket *De norske vikingesverd* av Jan Petersen, gjeve ut fyrste gong i 1919, kan gi grunnlag for tolking av type og datering (Petersen 1919:45). Det er sannsynleg at øksa stammar frå ei grav. Mange lausfunn frå tidleg på 1900-talet vart gjort i samband med pløying eller planering (Larsen 2026:34). At øksa er så godt bevart tyder på at ho har ligge godt beskytta, og ikkje ligge i matjordslaget lenge.

Tradisjonslokalitet på Helestrønd - ID84541

I den nasjonale kulturminnedatabasen Askeladden er den tidlegare omtalte «kyrkjestaden» registrert som ein tradisjonslokalitet. Sjølv om staden er registrert som

⁴ [Unimusportalen](#)

ein lokalitet på kartet, er det ikkje påvist fysiske spor etter nokon mogleg kyrkje. Punktet på kartet seier derfor ikkje noko om eit fysisk kulturminne, eller kvar ei eventuelle kyrkje kan ha stått. Men det skriftlege materialet knyter det til Helestrønd.



Figur 10. Det firkanta symbolet representerer tradisjonslokaliteten for middelalderkyrkja som er omtala i skriftlege kjelder på 1700-talet, men det er ikkje funne fysiske spor. Lokaliteten er registrert i kulturminne-databasen Askeladden med ID84541.

Automatisk freda kulturminne – oppsummering

Dei eldre kulturminna viser at området har vore sett på som ressursrikt langt tilbake i tid. Funna som er gjort av automatisk freda kulturminne viser at det rundt Helin og på Gilafjellet har vore aktivitet knytt til framstilling av jern og kol, samt drive jakt på rein, gjennom store delar av jernalderen og mellomalderen. Når det gjeld dei to enkeltliggende kolgropene er det sannsynleg at det finns jernvinne i ikkje alt for stor avstand til dei to gropene.

I fjellområda i Valdres er det gjort ei rekke funn etter omfattande jernutvinning, setring og jakt/fangst i jernalderen og mellomalderen. Jernalderen i Norge var prega av markant ekspansjon av jordbrukslandskapet og auka press på utmarksressursane. Det er generelt antatt at jern og vilt var viktige handelsvarer ned mot kontinentet, spesielt i romertid/folkevandringstid og i vikingtida og mellomalderen. Jernframstillinga i vikingtida og mellomalderen gjekk føre seg i eit landskap som også vart utnytta til mellom anna beite, jakt, fangst, fôr, brensel og konstruksjonsvirke, skriv Kjetil Loftsgarden og Lars Pilø i antologien *Valdres i eldre tid* (2026). Dei meiner det er svært sannsynleg at jernframstillinga vart gjennomført av den lokale befolkninga, og tilpassa gardsdrifta (Loftsgarden og Pilø 2026:121).

Funna ved Helin koplår området på denne historia, sjølv om vi ikkje har sikker kunnskap om når anlegga var i bruk eller omfanget av verksemda. Fangstanlegg på snaufjellet er spesielt vanskeleg å datere, men det er mykje som tyder på at jakt med pil og boge vart ein viktig jaktmetode frå og med 400-talet og gjennom vikingtida. Både før 400-talet og i

mellomalderen ser dyregraver ut til å ha vore meir vanleg. Med andre ord kan vi truleg knyte fangstanlegget til perioden 400-1000 e.Kr. (Gundersen 2021:289-298).

At øksa som er funne på Vassendin kan stamme frå ei grav, kan spela inn på diskusjonen om fast busetjing i området, men kan også ha andre forklaringar. Det er fleire eksempel på det som ofte blir kalla fangstmarksgraver i fjellområda, som det er funne mange av i Valdres. Iføljje arkeologen Jan Henning Larsen finns det ikkje eit eintydig svar på kva som er bakgrunnen for det han meiner like godt kan kallast fjellgraver eller utmarksgraver. Dei kan ha vore knytt til busetjing, men kan også ha markert andre former for eigarskap til område og ressursar i utmarka (Larsen 2026:49-51). Bjørn Hougen går i artikkelen «Valdres i oldtiden» gjennom fleire gravfunn i fjellområda i Valdres, og meiner at øksa frå Vassendin er eit minne frå seterdrift (Hougen 1958:173-178).

Vikingøksa kan ikkje gi oss svar på om det var bufaste bønder ved Helin før Svartedauden, slik segna fortel, men ho bidrar til å kaste lys over bruken og ferdselen i området i vikingtida. Samla sett indikerer funnbildet ein skiftande landskapsutnytting gjennom jernalderen og mellomalderen, og går inn i det overordna bildet vi har av samfunnsutviklinga i Valdres og innlandet i perioden.⁵

Nyare tids kulturminne og kulturmiljø

Alle kulturminne frå tida etter reformasjonen (1537) er definert som nyare tids kulturminne. Slike kulturminne har i utgangspunktet ikkje noko formelt vern, dersom det ikkje er vedtaks- eller forskriftsfreda gjennom kulturminnelova eller verna av kommunen gjennom plan- og bygningslova. I eit område som Helin plantepark er det derfor viktig å definere verdiane knytt til kulturminne og kulturmiljø frå nyare tid.



Figur 11. Vegen som går frå Tunestølane via Øvre Vassendin og ned til Nedre Vassendin blir av lokale omtala som «den gamle vegen» på denne sida av Helin. Den er eit markant innslag i kulturmiljøet her, saman med steingjerder, rydningsrøyser, løer, slåttemark og stølsbygningar. Foto: Nina Espeseth Grønbrekk

⁵ Oppsummeringa av dei førreformatoriske kulturminna er formulert gjennom dialog med arkeolog og forskar ved Valdresmusea, Ingar M. Gundersen

Sentrale kulturminnetypar og særtrekk i landskapet

Mykje av natur- og landskapsverdiane i Helin plantepark ligg i bruken av naturen gjennom fleire hundreår. Også kulturminneplanen løftar fram det ressursrike kulturlandskapet, som i stor grad er forma av stølsdrifta. Husdyrbeiting med mjølkeproduksjon «har gjeve det opne landskapet med lågt veksande vegetasjon og med ein heilt spesiell artssamansetnad»⁶, kan vi lesa i planen. Haustingskulturen og husdyrbeite er trekt fram som viktige premisser for å kunne ivareta kulturlandskapet knytt til stølane ved Helin. Attgroing er definitivt eit særtrekk ved landskapet i dag, når stølane ikkje lengre er i tradisjonell drift med beite og mjølkeproduksjon.


Når det gjeld stølslandskapet på austsida av Helin er det ei rekke ulike element som utgjer kulturlandskapet. Naturgjevne strukturar, som dei til dels bratte og delvis skogkledde liene, og slettene ned mot innsjøen på Tangane, legg grunnlaget. Større og mindre bekkar renn ned frå fjellet og ut i Helin, nokre plassar i så bratt terreng at det blir små fossar. Der terrenget ikkje er på det brattaste finn vi eit nettverk av stigar og ferdselsårer, som fører til utmarka i dei høgareliggande områda og vidare over til Nørdre Syndin. Slåttemarka knytt til stølane er framleis ope mange stader, og nokre område ber preg av beitebruk. Eit markant innslag i landskapet er dei massive steingjerdene, og også tydelege steinrøyser i nærleiken av stølsvollane. Det er enkelte naust langs fjordkanten, men for det meste er det hytter, sel⁷, fjøs og løer som utgjer bygningsmassen i dag. Det er nokså stor variasjon i utforming og byggjeskikk, mellom anna på bakgrunn av endringar i bruk, behov og impulsar over tid, men i volum er det få som skil seg ut. Nokre murar frå tidlegare hus har vi også identifisert i arbeidet. Slike tufter er det truleg fleire av i planteparken.

Dei fleste stølsvollane består framleis av fleire bygningar som har hatt ulike funksjonar. Nokre sel er oppgradert til «hyttestandard» og -uttrykk, mens andre har behalde eit meir tradisjonelt preg. Fleire av dei siste ber preg av lite bruk. Ein del av husa som har vore knytt til stølsdrift er ikkje SEFRAK-registrert, og derfor truleg oppført på 1900-talet. Mange av stølane har vore i bruk med mjølking og beite til langt ut på 1900-talet, nokre heilt til for få år sidan. Det er ikkje berre dei eldste husa som har verdi i landskapet her.

Vi har valt å definere fire ulike kulturmiljø som har sine særpreg, alle knytt til stølsområda. Kulturmiljøa blir beskrive og vurdert med eit kulturmiljøfagleg perspektiv, før dei i siste del av rapporten blir knytt til forslag til eventuelle omsyn i forskrifta for Helin plantepark. Landskapa Høljesyndin og liene mot Nørdre Syndin blir omtala meir generelt, der det er få ståande bygningar og vi ikkje har gjort eigne vurderingar i felt.


⁶ *Temaplan for kulturminne i Vang 2018*: 107

⁷ «Sel» er den lokale nemninga for «våningshuset»/bustadhuset på stølen.



Figur 12. Kartet viser alle kulturmiljø som er definert og omtala i rapporten, i tillegg til det freda fangstanlegget. Avgrensingane er omtrentlege.

Kulturmiljø Vassendin – Kringletjernet – Høljesyndin



Figur 13. Kartet viser omtrentleg avgrensing av kulturmiljøet Vassendin – Kringletjernet – Høljesyndin. Dei runde gule symbola markerer kolgroper, mens trekantane er SEFRAK-registreringar.

Miljøet omfattar stølane Skjelhaugen (øvt), Valstad (Øvre Vassendin), Nertrøst-stølen og Kvåle (Nedre Vassendin). I miljøet inngår også beitet og rekslene som er registrert og vist i kommunen sin kulturminneplan. Kringletjernet og delar av Høljesyndin, med kolgropene ved Skjelhaughøvda og Høljesyndin, ligg innanfor området (meir informasjon under «Automatisk freda kulturminne»).


Øvre Vassendin vurderer vi som eit spesielt verdifullt kulturmiljø. Vegtraseen gjennom området blir av lokale omtala som «den gamle vegen» (figur 11), og er i området mellom øvre og nedre Vassendin eit markant innslag i miljøet. Vegen er oppmura med naturstein. Sverre Thune skriv at køyrevegen vart opparbeidd under den fyrste verdskrigen (Thune 2014:13). Seinare på 1900-talet kom vegen nede ved vatnet.

Bygningsmiljøet på Øvre Vassendin bidrar i stor grad til at miljøet har betydeleg opplevings- og formidlingsverdi. Her finn vi to tradisjonelle sel som er datert til 1800-talet i SEFRAK, ein driftsbygning med låve, fjøs, utedo og skåle/vedskjul, eit uthus med do og vedskjul, eit eldre fjøs, ei løe samt tufter etter eldre stølshus. Sjølv om mange av stølshusa her i området har hatt torvtak, og nokre truleg tekka med skifer, er det brunrusta bølgeblekk og platetak som er karakteristisk i miljøet på Øvre Vassendin i dag. Fargenyansane og -spelet som taka gir inngår som ein del av natur- og kulturmiljøet.

Driftsbygningen på stølen Valstad skil seg ut i landskapet med sine to etasjar. Slike kombinerte driftsbygningar vart vanleg i norske bygder på slutten av 1800- og starten av 1900-talet, men er ikkje så ofte å sjå i stølsområde i Valdres. Markante steingjerder og -røyser er også tydelege innslag i miljøet, og stølsjordene er framleis opne.



Figur 14. Stølsmiljøet på Øvre Vassendin er prega av slåttemark, eit markert vegfar, rydningsrøyser, steingjerder og eit særprega bygningsmiljø. Foto: Nina Espeseth Grønbrekk.



Figur 15. Kartet viser kulturminne på Øvre Vassendin som er registrert i samband med denne rapporten. Ein del stigar ligg også inne på kartet, med svak stipla markering.

Øvst og aust i stølsmiljøet finn vi tufter etter to tidlegare hus, rett på nedsida av ein gamal stig. Det eine er SEFRAK-registrert, med fotografi av huset som sto på registreringstidspunktet, i 1989. Det skal ha vore brukt både som kalvefjøs og grisehus, og er ifølge SEFRAK-skjemaet flytta frå Kinn, der det var i bruk som løe. Opphøveleg skal fjøset ha vore oppført på byrjinga av 1800-talet. Fleire av stølane ved Helin skal tidlegare ha vore plassert høgare opp i dalsida, så tuftene her kan vera reistar etter den tidlegare stølen til Skjelhaugen, som seinare har vorte flytta lengre ned i terrenget.

Stigen forbi tuftene går sørover i retning Bleikefeten, og vidare går det stigar over til Bøastølen og Nørdre Syndin. Stigane er merka av på kartet. Sverre Thune skriv om utslåttar utanfor stølsområda ved Helin, mellom anna på Bleikefeten (Thune 2014:11). Til utslåttane hørde det lør, men i dag er mange av utløene borte.

Bilder:
Tufter Skjelhaugen



Kalvefjøset på Skjelhaugen sto framleis då SEFRAK-registreringane vart gjennomført i 1989. Fotografiet er take frå SEFRAK-skjemaet.



I dag kan vi oppleve murane frå det tidlegare kalvefjøset, og tuftene etter eitt hus til. Foto: Nina Espeseth Grønbrekk



Murane etter tidlegare stølshus på Skjelhaugen er tydelege, men delvis skjult av vegetasjon. Foto: Nina Espeseth Grønbrekk

Bilder:

Valstad, Øvre Vassendin



Foto: Anne Marit Noraker



Foto: Nina Espeseth Grønbrekk



Foto: Anne Marit Noraker

Over og til venstre: Sel nr. 1 på Valstad. Flytta frå Hande i Vestre Slidre ca. 1900. Karakteristisk gavl, med vindskier som smalnar utover.



Sel nr. 2 på Valstad, med den gamle vegleia tett på inngangen. Huset er datert til slutten av 1800-talet i SEFRAK. Foto: Anne Marit Noraker




Driftsbygningen sett frå nedsida, med utedo og skåle i framgrunnen. Foto: Anne Marit Noraker



Driftsbygning med fjøs og låve. Foto: Nina Espeseth Grønbrekk

Bilder:
Skjelhaugen



Løe på stølsjordet på Skjelhaugen. Foto: Anne Marit Noraker



Fjøs på Skjelhaugen, datert til tidleg på 1800-talet i SEFRAK. Huset er lafta, og taket er tekka med gjenbrukte blikkplater, kanskje opphavelag ein form for tønner. Taket er svært karakteristisk og synleg i miljøet. Foto: Anne Marit Noraker

Bilder:
Nertrost-stølen



Nertrost-stølen inngår i kulturmiljøet Vassendin. Foto: Nina Espeseth Grønbrekk.




Selet på Nertrost-stølen framstår som eit eldre sel, men er noko modernisert og er ikkje SEFRAK-registrert. Det har same utforming på vindskiene som det eine selet på Valstad. Foto: Nina Espeseth Grønbrekk



Fjøset er SEFRAK-registrert. Foto: Anne Marit Noraker.



Steinmur /-røys og den gamle vegen, sett sørover fra Øvre Vassendin. Foto: Anne Marit Noraker




Figur 16. På Nedre Vassendin ligg nokre av steingjerdene inne på kommunen sin kartløyning.

Kulturmiljø Helestrønd

Helestrønd og Søre Helestrønd vart ramma av ras og flaum under ekstremvêret Hans i 2023. Landskapet er prega både av rasa og av graving og tilpassingar i etterkant, mellom anna omfattande reparasjonar av vegen fleire stader. «Såra» i landskapet bidrar til at det framstår noko fragmentert i dag, og at dei samanhengande strukturane ikkje er like tydelege som til dømes på Vassendin.

Stølsmiljøet Helestrønd har likevel kvalitetar som kulturmiljø, med fleire eldre stølsbygningar bevart, som sel, fjøs og lør, og delvis dyrka innmark knytt til stølane. Området på begge sider av bekken Svørsåne har flest eldre bygningar bevart, og har som heilskap verdi som kulturmiljø. Både på Nordre og Søre Helestrønd er det ein del nyare hytter, som er godt tilpassa stølsmiljøet. Nokre av dei eldre stølsbusa ber preg av lite bruk og vedlikehald.

Spesielt på Søre Helestrønd, der prestegarden i Vang tidlegare hadde støl, finn vi eit særprega beitelandskap. Sjølv om det i dag er eit inngjerda område og ikkje knytt til tradisjonell stølsdrift, gir beitebruken eit ope landskap.



Figur 17. Kartet viser omtrentleg avgrensing av kulturmiljøet Helestrønd, der SEFRAK-registrerte hus er tatt med. Den grå trekanten markerer eit SEFRAK-objekt som i dag er tapt.



Figur 18. På søre Helestrønd er delar av landskapet framleis i aktiv bruk til beite, noko som bidreg til eit karakteristisk beitelandskap. I dag er ikkje beitet knytt til tradisjonell stølsdrift med mjølkeproduksjon. Foto: Anne Marit Noraker.

Bilder:

Helestrønd



Løe på Haugaøddin, på flata ned mot vatnet på Helestrønd. Same løe som på bildet til høgre, men i dårlegare forfatning. Foto: Anne Marit Noraker.



Løe på Haugaøddin, bilde frå SEFRAK, som nyleg restaurert (1986). (SEFRAK: Krets 3, husløpenr. 67).



Selet tilhøyrande Haugen på Helestrønd skal vera frå 1700-talet, men vart endra og bygd om i 1949 og 1988, ifølje SEFRAK.
Foto: Ole Aastad Bråten




Nokre av hyttene på Helestrønd har stått der lenge, og er ein del av kulturmiljøet. Foto: Nina Espeseth Grønbrekk



Nokre fjøs på Helestrønd vitnar om tidlegare stølsdrift. Foto: Anne Marit Noraker.

Kulturmiljø Tangane



Figur 19. Kartet viser omtrentleg avgrensing av kulturmiljøet Tangane, med SEFRAK-registreringar. Det gule feltet til høgre på kartet er KULA- og UKL-området Stølsvidda, som er identisk med kommunegrensa mot Vestre Slidre.



Figur 20. Figur 21. Steingjerdene på Tangane er svært markante innslag i landskapet. Foto: Ole Aastad Bråten.

Medan stølane på Vassendin og Helestrønd var heimstølar, var det langstølar på Tangane. Gardane Bø og Bøland hadde støl her. I bygdeboka for Vang går det fram at gardane med langstøl på Tangane hadde vår- og hauststøl (heimstøl) mot Nørdre Syndin, ved Hellvike og Gamlestølsvike.

I tillegg til stølsmiljøa inngår det registrerte jernvinnearlegget i miljøet vi har definert på Tangane. Massive og markante steingjerder er også svært framtrédande i landskapet her, i tillegg til gamle stigar og ferdselsvegar som framleis er tydelege i landskapet. Steingjerdene ser ut til å ha vore plassert slik at dei skil utmark frå innmark, og følger i stor grad eigedomsgrensene. Bygningsmiljøet lengst nord i det avmerka området utpeikar seg som eit særleg godt bevart stølsmiljø.



Figur 22. Stølen til Sørebo Vestre, kalt Bøastøl i SEFRAK-registeret, er eit bygningsmiljø med særpreg i eit ope landskap. Det eldste selet står til venstre for det nyare, men er ikkje med på bildet. Foto: Anne Marit Noraker.




Figur 23. Bildet er frå SEFRAK-registreringa gjort i 1986. Vi ser at miljøet i liten grad er forandra sidan då. Selet til venstre står framleis. I SEFRAK-registreringa er det antyda at det eldste selet vart oppført på 1700-talet.

Miljøet omtala som Bøastøl/Bø-støl i SEFRAK (bilde over) på Tangadn består av eit eldre sel, som ifølje SEFRAK kan ha vorte oppført på 1700-talet, eit nyare sel og eit fjøs av det tradisjonelle slaget. Det «nye» selet vart oppført på 1950-talet⁸, i reisverk og med eternittplater på taket. (På det digitale kartet er SEFRAK-registreringa plassert på det nye selet, men opplysningane gjeld det eldste.) Her er alle bygningane viktige i miljøet. Det nyaste selet er ein nokså typisk representant for generasjonen sel som vart bygd rundt midten av 1900-talet.

⁸ Opplyst av grunneigar

Bilder:
Sørebø Vestre, Tangane



Bileta viser det eldste selet på stølen lengst nord i det avmerka kulturmiljøet, og er utsnitt frå SEFRAK-registreringa.



Detalj av det eldste selet, slik det ser ut i dag. Foto: Nina Espeseth Grønbrekk



Gavlveggen som er på bildet øverst til høgre, med mjølkespann, på SEFRAK-skjemaet (over). Foto: Nina Espeseth Grønbrekk.



Det «nye» selet. Foto: Nina Espeseth Grønbrekk.



Fjøset er ivareteke som eit tradisjonelt fjøs. Få andre hus i planteparken har skifertak. Foto: Nina Espeseth Grønbrekk.

Bøland, Tangane



Fjøs og sel som er ein del av miljøet nord i kulturmiljøet Tangane. Foto: Nina Espeseth Grønbrekk.



Fjøset på Bøland-stølen er eit eksempel på nyare fjøs som har vore i bruk inntil nyleg, og er ein viktig del av kulturmiljøet. Foto: Anne Marit Noraker.



Tilbygg med mjølkerom. Foto: Anne Marit Noraker.


Sørebø Østre, Tangane



Selet her er modernisert, men skal vera bygd på 1800-talet. Foto: Nina Espeseth Grønbrekk.




Steingjerde på Tangane. Foto: Ole Aastad Bråten.



Figur 24. Den nordre delen av kulturmiljøet Tangane er noko meir detaljert omtala enn området elles. Her finn vi eit samanhengande og lesbart stølsmiljø som viser ulike fasar i stølsdrifta, og med enkelte svært gamle bygningar.

Kulturmiljø Bøastølen – Syndin



Figur 25. Kartet viser kulturmiljøet Bøastølen, som ligg vendt mot Nørdre Syndin. Dei eldste bygningane, med størst verdi som kulturminne, er markert med raudt.

Ifølge bygdeboka hadde garden Nerrebø «ei tid hauststøl på Brekkestøle ved Syndin, som skal vere rydda av Kvie og Brekken og seinare vart seld til gardar i Lome, V. Slidre (der aust kalla Bøastølen)» (Frøholm 1985:737). Bilvegen til Bøastølen går via Vestre Slidre og Syndin, noko som bidrar til at dette miljøet framstår geografisk avskilt frå stølane ved Helin. Bøastølen er også ein del av landskapsbildet knytt til Nørdre Syndin. Men ferdselsvegar som vi ser på eldre flyfoto, og som delvis er teikna inn på kartet, viser at det tidlegare var mange forbindelsar over fjellet mot Helin.

Kulturmiljøet her ligg tett inntil grensa for Stølsvidda. Den øvste stølen på Bøastølen (mot sør/sørvest) er eit spesielt karakteristisk miljø med gamle bygningar. Ingen av dei er SEFRAK-registrert (i alle fall ikkje lagt inn på det digitale kartet). Stølstunet ligg høgt i landskapet, med innmark der vegetasjonen er halde nede. Eit sel, fjøs og eit uthus ligg i øvrekanten av stølsjordet, mens det ligg ei løe på jordet. Selet er sett i stand i seinare tid, og framstår som godt ivaretatt og bevart. Vi manglar opplysningar om alder på bygningane.

Bilder:
Bøastølen, Syndin



Selet ser ut til å ha høg alder og er nyleg sett i stand. Fjøset til høgre er også truleg gamalt, men i dårleg forfatning.




Vegetasjonen er halde nede, og miljøet som heilskap har eit tydeleg særpreg og verdi som kulturmiljø.



Her ser vi den øvre stølen i bakgrunnen. Tunet nedanfor, fremst i bildet, har nyare bygningar, men er ein del av kulturmiljøet, med innmark som ser ut til å vera i drift.

Landskapet mot Nørdre Syndin: Hellvike, Gamlestølsvike m.m.


Det ser ut til, mellom anna i gardshistoria i bygdeboka, at vår- og hauststølane på Syndin-sida gjekk ut av bruk rundt midten av 1800-talet. Her er det i dag få ståande bygningar, og ingen SEFRAK-registreringar. Det tyder på at det som i så fall er att er tufter etter husa. Namn som Høvdestølen og Gamlestølsvike fortel om tidlegare stølar. På Høvdestølen skal det stå att murar etter tidlegare stølshus, noko som kan vera tilfelle fleire stader. I arbeidet med rapporten har vi ikkje fått undersøkt denne delen av Helin plantepark gjennom eigne synfaringar. Vi vurderer det likevel slik at det truleg finns mange spor etter tidlegare stølsdrift også her, i form av ferdselsårer, tufter og steingjerder, samt slåtte- og beitemark. Nettverket av ferdselsårer er tydeleg både på kart og på eldre flyfoto.



Landskapet rundt Høljesyndin

Vatnet Høljesyndin har gjennom hundreåra vore ein svært viktig ressurs. Fiskeretten, som andre rettar i utmarka, var strengt regulert. Ein del fiskebuer og naust rundt Høljesyndin fortel om denne verksemda. Bygdeboka omtalar også at det «i eldre tid» har vore stølar ved Høljesyndin⁹. Området rundt Høljesyndin har vi ikkje fått undersøkt gjennom synfaringar i samband med kartleggingsarbeidet i dette prosjektet, men vi poengterer at også dette miljøet er kulturpåverka, og at det i stor grad har vore i bruk av menneske langt tilbake i tid. Ei grundig kulturminneregistrering ville truleg ha avdekkja mange spor frå fortida rundt vatnet, både frå eldre og nyare tid. Funnet av kolgropa peiker mot aktivitet og ressursutnytting i fjellområda tilbake i mellomalderen og jernalderen.

⁹ Kattevøl Nigarden skal ha hatt støl i «Høljesyndli'n nær Hallvardose» (Frøholm 1985:756)



Nyare tids kulturminne – oppsummering

Kartlegginga av nyare tids kulturminne, og kvalitetane knytt til kulturlandskapet, viser at stort sett alle område innanfor planteparken har vore i bruk av menneske gjennom mange hundre år. Saman med dei førreformatoriske kulturminna ser vi eit større bilde, der alt er knytt til utmarksressursane.

På mange måtar står stølsmiljøa i dag att som representantar for den omfattande bruken av utmarka, som har vore så typisk i fjellbygdene i Valdres. I 2024 vart stølskulturen oppført på UNESCO si liste over immateriell kulturarv, noko som understrekar det unike med denne kulturarven. Stølsdrifta har vore knytt til så mykje meir enn husa som står att i dag, noko mangfaldet av kulturminne i Helin plantepark vitnar om.

Spesielle kulturhistoriske verdiar – forslag til omsyn i verneforskrifta

Verdiane innanfor Helin plantepark knyter seg både til natur og kultur, og det bør vera eit mål å sjå natur- og kulturverdiane i samanheng. Ressursutnyttinga i området har forma naturen, og samstundes har naturen forma folk sine levemåtar og næringsvegar. Under gjer vi vurderingar av kva for omsyn som bør takast til kulturminne, kulturmiljø og det kulturhistoriske landskapet i ei komande verneforskrift for Helin plantepark.

Dei automatisk freda kulturminna har eit formelt vern gjennom kulturminnelova, og skal slik sett vera ivaretatt som enkeltlokalitetar. Kulturminna frå nyare tid har ikkje eit slikt vern. Både når det gjeld automatisk freda og nyare tids kulturminne kan også andre tiltak enn formell vernestatus vera avgjerande for ei god forvaltning.

Forslaga til omsyn gjeld både på eit overordna generelt nivå og knytt til dei utvalde kulturmiljøa meir konkret.

Generelle omsyn til kulturmiljø i Helin plantepark

Når det gjeld samanhengane i kulturmiljøa og strukturane i landskapet, kan forskrifta bidra til større bevisstheit og synleggjering, og til at særtrekka på eit overordna nivå blir take omsyn til.

Spora etter tidlegare bruk viser seg i form av vegfar og ferdselsårer, steingjerder, steinrøyser, beite- og slåttemark, samt ulike typar hus og innretningar knytt til stølsdrifta. I tillegg veit vi om tufter etter tidlegare hus, og ser det som sannsynleg at det finns fleire slike i området. I tilknytning til vatna finn vi nokre fiskebuer og naust. Slike element i landskapet er viktige å ta omsyn til i heile planteparken, gjennom å hindre at dei blir skada, og å unngå brot i strukturane i landskapet.



Figur 26. Flyfoto frå 1947 viser stølane Valstad og Skjelhaugen på Øvre Vassendin, i eit terreng som ber preg av høg ressursutnytting, og der ferdselsårer, stigar og murar er svært tydelege. Strukturane i landskapet finn vi att i dag, sjølv om vegetasjonen gjer dei mindre synlege. Formasjonane lengst aust, litt til høgre for midten av bildet, er tufter etter hus som er flytta, som vi framleis finn i terrenget (sjå s. 20). Det eine er truleg eit hus som står, då grise- /kalvefjøset som enno sto under SEFRAK-registreringa var plassert her. Foto: Norge i bilder, «Heimliene i Vang 1947».

Store terrenginngrep og nye bygnadar som bryt med byggeskikken og landskapet vil kunne endre kulturmiljøet og gjere det mindre lesbart som kulturhistorisk miljø. Formidlings- og opplevingsverdien vil også bli redusert. Bygningsvolum og terrenginngrep bør styrast både gjennom verneforskrifta og gjennom kommuneplanen.

Riksantikvaren sine råd for forvaltning av Stølsvidda kan vera relevante også for Helin plantepark. I rapporten om KULA-områda i Oppland kan vi mellom anna lesa: «Området er sårbart for endringar som følgjer av at bruken blir endra frå landbruksformål til fritidsformål. Det er viktig å ta vare på bygningsmasse og vegetasjon som gjer at området framleis blir oppfatta som eit stølsområde og ikkje eit hytteområde.» Vidare heiter det at «særtrekk i byggeskikk og bygningsdetaljar bør vidareførast, og forfall på fjøs, utlør og andre bygningar som har gått ut av aktiv bruk, bør motverkast»

(Riksantikvaren 2023:70). Også for Helin-området vil verkemiddel som bidrar til at dei mest verdifulle bygningsmiljøa blir tatt vare på ha stor betydning.

Omsyn til fangstanlegget som enkeltlokalitet

Fangstanlegget på Gilafjellet er eit kulturminne med stor opplevingsverdi. Samstundes er det sårbart med tanke på ferdsel og friluftsliv i området. Forskrifta som blir utarbeida for planteparken bør løfte fram fredingsstatusen for anlegget. Fredinga inneber at steinane frå bøgahia eller ledegjerdet ikkje skal bli flytta på eller fjerna.

Omsyn i definerte kulturmiljø

Kulturmiljøa som er definert i rapporten har litt ulike kvalitetar. Under listar vi opp dei viktigaste omsyna i dei fire miljøa.

Kulturmiljø Vassendin – Kringletjernet – Høljesyndin

På Vassendin er det eit mangfald av kulturminne som utgjer eit samanhengande og unikt miljø. Her er bygningane og det gamle vegfaret viktige element, men også stigar/reksler, steingjerder, røyser og tufter. Slåttemark og beiteområde bidrar i stor grad til å gi miljøet særpreg. Her bør forskrifta legge til rette for at kulturmiljøet som heilskap blir bevart.

Kulturmiljø Helestrønd

På Helestrønd er det slåtte- og beiteområda, samt dei stølshusa som er bevart, som har størst bevaringsverdi. Her er det enno lær på stølsjordene, som fortel om korleis ressursane i fjellet vart nytta.

Kulturmiljø Tangane

På Tangane er det stølane som høyrer til gardane Bøland (gbnr. 46/1) og Sørebo Vestre (gbnr. 41/2) som har det mest unike bygnings- og stølsmiljøet bevart. Her er det også steingjerder og opne stølsvollar som gir miljøet særpreg.

På Tangane er elles dei massive steingjerdene noko som utmerkar seg som karakteristisk, saman med tydelege stigar i landskapet. Jernvinneanlegget ved vasskanten av Helin er synleg i terrenget, og har slik sett formidlingsverdi dersom informasjon om anlegget er lett tilgjengeleg.

Kulturmiljø Bøastølen – Syndin

Bøastølen mot Nørdre Syndin er eit avgrensa og unikt bygnings- og stølsmiljø, der hus og landskap skil seg litt ut i området.

Skjøtsel, vedlikehald og formidling – kva trengs for å bevare kvalitetane?

Bruk av utmarksressursar

Ein sentral del av særtrekket i landskapet i Helin plantepark heng saman med beitebruk og slått. Å halde beiteområde, stølsjorder og utslåttar opne er betinga av jordbruksdrift,

og at stølane blir brukt som ressursar i drifta. Det er krevjande å ta vare på eit landskap som ikkje lenger har den same bruken. Tiltak som stimulerer til bruk av utmarksressursane vil likevel kunne halde i hevd – eller i beste fall revitalisere – området som stølsmiljø.

Rydding av vegetasjon

Rydding av vegetasjon knytt til vegfar, stigar, steingjerder og tufter vil i stor grad heve opplevingsverdien i planteparken. Slike tiltak kan gjennomførast og initierast i samarbeid med grunneigarar og til dømes frivillige lag og foreiningar.

Hindre forfall av bygningsmasse

Ein del av stølsbygningane i Helin plantepark har behov for vedlikehald. Dersom verneforskrifta kan bidra til at området blir prioritert i tilskotsordningar og gjennom andre verkemiddel, er det større moglegheit for at den sårbare bygningsmassen blir bevart i framtida. Spesielt er fjøs og lør utsett for forfall, då dei har mista sin opphavelige bruk. Dei tradisjonelle sela har enkel standard, og er slik sett sårbare for omfattande renovering. Bygningsvernrådsgjevaren ved Valdresmusea kan rådgje og støtte stølseigarane i vedlikehald og istandsetjing av husa.

Formidling av kulturmiljøverdiane

Ei ny verneforskrift for Helin platepark kan vera ein god anledning til også å formidle kunnskap om kulturminna og den lokale kulturhistoria i området. Både prosessen og det endelege vedtaket kan gi grunnlag for til dømes kulturhistoriske vandringar, dugnadar, foredrag og skriftleg/digital formidling. Slike tiltak vil gje arbeidet større legitimitet, og større forståing både for natur- og kultuurverdiane. Valdresmusea kan vera ein aktuell samarbeidspartnar i samband med formidling av kulturmiljøverdiane.

Som ein del av informasjonen ut til publikum om verdiane i området og om verneforskrifta, ser vi det som spesielt viktig å ha fokus på det freda fangstanlegget. Gjennom formidling av korleis fangstanlegget har vore brukt, og kva for rolle slike anlegg har hatt i samfunnet, kan publikum få meir respekt for kulturminnet, og meir kunnskap om næringsgrunnlaget og bruk av utmarksressursar i tidlegare tider. Nokre av bogestillingane skal ha vore «malen» for dei konstruerte bøgahia på Valdres folkemuseum, noko som gjer det spesielt aktuelt for Valdresmusea å engasjere seg i desse kulturminna. I samband med verneprosessen kan det vera aktuelt for Valdresmusea å setja fokus på fangshistorie, med utgangspunkt i anlegget på Gilafjellet og det konstruerte anlegget på museet.

Vernestatusen i området kan potensielt føre til meir merksemd og auka ferdsel, noko som gjer det spesielt viktig med bevisst besøksforvaltning knytt til fangstanlegget. Som ein del av informasjonsmateriellet som blir produsert, bør det gå fram at fangstanlegget er freda etter kulturminnelova, med kart som viser omfanget av fredinga.

Moglege framtidige undersøkingar

Stigar, ferdselsårer og steingjerder i området ser i stor grad ut til å vera lagt inn i kommunen sin kartløyning, noko som gjer slike kulturminne synlege og tilgjengelege for forvaltninga. Det vi ikkje har oversikt over er tufter etter hus, både knytt til tidlegare stølsvollar og til dømes løer i utmarka. Eit slikt registreringsarbeid, spesielt i området frå Høljesyndin og austover til Nørdre Syndin, kunne gjeve ny kunnskap om heimstølane og annan aktivitet i denne delen av området. Førreformatoriske (automatisk freda) kulturminne er heller ikkje systematisk kartlagt i heile området.

Litteratur

- Frøholm, Anders 1985. *Valdres Bygdebok I Del A. Gardar og slekter i Vang*. Skriftstyrar Ivar Aars. Valdres Bygdeboks Forlag.
- Gundersen, Ingar M. 2021. *Iron Age Vulnerability. The Fimbulwinter hypothesis and the archaeology of the inlands of eastern Norway*. Dissertation for the degree of Philosophiae Doctor (PhD). Department of Archaeology, Conservation and History, Faculty of Humanities and Museum of Cultural History, University of Oslo.
- Hermundstad, Knut (skriftstyrar) 1964. *Valdres bygdebok V. Næringsvegane, fyrste del. Villdyr og veiding, fiske, turistferdsel, handverk og handverkarar*. Mariendals Boktrykkeri A/S, Gjøvik.
- Hougen, Bjørn 1958. «Valdres i oldtiden», i: Hermundstad, Knut, *Valdres Bygdebok II. Natur, oldtid, målføre, gardsnamn og folk*. Valdres Bygdeboksnemnds Forlag, Mariendals Boktrykkeri A/S, Gjøvik.
- Jahnsen, Jahn Børe 1983. *Bygget av levende stene. Middelalderens kirkelige forhold i Valdres*. Paul T. Dreyers Forlag, Valdres Trykkeri.
- Kattevold, Bøye 1943. *Gamalt fraa Vang. Folkeminnelesna*. Gjengangerens Trykkeri, Horten
- Larsen, Jan Henning 2026. «Vikingtidsfunnene fra Valdres», i: Bråten, Ole Aastad og Kjær, Thomas (red.), *Valdres i eldre tid. Jern, kyrkje og makt*. Museumsforlaget, Trondheim.
- Loftsgarden, Kjetil og Pilø, Lars 2026. «Valdresjern – overskotsproduksjon og handel i vikingtid og mellomalder», i: Bråten, Ole Aastad og Kjær, Thomas (red.), *Valdres i eldre tid. Jern, kyrkje og makt*. Museumsforlaget, Trondheim.
- Petersen, Jan 1919. *De norske vikingesverd. En typologisk-kronologisk studie over vikingetidens vaaben*. Videnskapsselskapets Skrifter, Kristiania.
- Riksantikvaren 2023. *Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse i Oppland*. Rapport.
- Thune, Sverre 2014. *På støle. Minner frå Helin og Smådalen*. Valdres Trykk AS.
- Vang historielag 2019. *Vangsalbumet. 568 bilder frå Vang i Valdres*.

Andre kjelder

SEFRAK, krets 3 og 4, Vang kommune. Originalskjema i arkiv på Valdres folkemuseum/Valdresmusea.

Temaplan for kulturminne i Vang, vedteke i Vang formannskap 4.12.2018, sak 059/18

Vedlegg

- Oversiktskart over Helin plantepark med alle kulturmiljø
- Befaringsrapport Innlandet fylkeskommune v/Øystein Rønning Andersen, datert 19.1.2026
- Kulturminneregistrering i Vang, Helge Stumpf Titland 20.8.2022
- Tilstandsrapportar ved bygningsvernrådgievar ved Valdresmusea, Odd Arne Rudi:
 - Vurdering av sel på Vassendin under Valstad
 - Vurdering av sel på Vassendin under Valstad
 - Vurdering av låve med fjør på Vassendin under Valstad